



RUTINE

SAMARBEID MELLOM SKOLEHELSETENESTA OG AUKRASKOLEN

Samarbeid mellom skolehelsetenesta og skolen er viktig og grunnleggjande for at skolehelsetenesta og skolane skal kunne gjennomføre sine pålagde oppgåver og følgje dei nasjonale anbefalingane for tenesta. Helsesjukepleiar ønskjer å ha eit godt samarbeid med skolen, der vi saman jobbar for barnet sitt beste.

Tenesta ønskjer å ha eit primærforebyggjande fokus med tilbod som når flest mogleg elevar. Vi ønskjer difor å gje tilbod om meir fast undervisningsopplegg til enkelte trinn. Tidspunkt for dette avtalast på førehand med kontaktlærar til dei utvalde trinna. Det er ønskeleg at læraren som har timen deltek for å halde klasseleiinga.

Helsesjukepleiar er til stades på skolen **måndag-torsdag**. Fredag er ein administrativ dag, men kan vere tilgjengeleg i varierende grad.

Ved **sjukdom/fråvær** vil helsesjukepleiar gje beskjed om dette direkte til skolen via skolen sin Teamsgruppe.

Overgang barnehage – skole:

Når barna startar på skolen overtar skolehelsetenesta oppfølging av barna. Formålet til skolehelsetenesta er, i samarbeid med skolen, å fremme elevanes helse, trivsel og læring og å auke deira helsekompetanse. Ved at skolehelsetenesta deltar i overgangsmøter mellom barnehage og skole, vil det kunne leggjast til rette for tidleg innsats i skolen ved behov.

Planleggingsmøte:

Helsesjukepleiar ønskjer å delta på planleggingsmøte ved oppstart av nytt skoleår.

Samarbeidsmøte:

Helsesjukepleiar deltar på skolehelseteam, ansvarsgruppemøter, sosialpedagogisk-team og eventuelt andre samarbeidsmøte ved behov.

Møter der det er ønskeleg med helsesjukepleiars deltaking bør leggjast til dei dagar der helsesjukepleiar er på jobb og innanfor hennar arbeidstid. Helsesjukepleiar deltar på faste Teamsmøter med førebyggjande eining i politiet. Utveksling av informasjon av trendar og utfordringar som rører seg blant barn- og unge, er viktig for at vi saman skal jobbe målretta og utarbeide konkrete tiltak. Faste møteplassar blir difor ein viktig arena for dette.

Foreldremøte:

Helsesjukepleiar ønskjer å delta på foreldremøte i 2. og 9. klasse for å presentere tenesta vår, samt bidra med opplysningsarbeid til føresette.



Undervisning/fagleg innlegg:

Tilbod om undervisning blir fordelt gjennom heile skoleåret, med utgangspunkt i «Livet & sånn» på faste klassetrinn. Helsesjukepleiar tilbyr undervisning om kropp og pubertet til 6. trinn og om seksualitet på 9. trinn. Helsesjukepleiar har også undervisning om psykisk helse og rus i 10. klasse. Helsesjukepleiar og kjentmann samarbeider om undervisning kring tema rus.

Undervisning ut over dette avtalast med helsesjukepleiar. Det er ønskjeleg å ha god dialog med skolen for å imøtekomme behov og ønskjer. Nasjonale retningslinjer for tenesta legg føringar for kva vi må prioritere. Undervisning avtalast med kontaktlærar for dei aktuelle trinna.

«Annleis dagar»:

Helsesjukepleiar ønskjer å bli informert/inkludert på dagar der det er felles undervisning, turdagar, idrettsarrangement o.l.

Markering av verdsdagen for psykisk helse:

Denne dagen markerast åreleg på skulen i veka før haustferien. Helsesjukepleiar er ansvarleg for å bestille materiell til markeringa og initierer eit samarbeid kring planlegginga og gjennomføring av markeringa. Ein tilsett frå skulen må vere delaktig i dette arbeidet. Aktuelle andre samarbeidspartar er tilsette i avdeling for psykisk helse og rus.

Tiltak som faste samtalar med helsesjukepleiar initiert frå skolen må **avklarast** med helsesjukepleiar **før** det blir sett opp i skolens tiltaksplan.

Legemiddelhandtering:

Skulehelsetenesta skal bidra til at det etablerast rutinar for handtering av legemiddel i barnehagar, skuler og fritidsordningar. Skulehelsetenestenes ansvar føreset at skolens leing tar kontakt med skulehelsetenesta ved behov for bistand. Det finst utarbeida rutinar og skjema for dette i compilo.



SKULEHELSETENESTA SITT TILBOD

	AKTIVITET	ANSVAR
1.klasse	Skolestartundersøking med helsesjukepleiar og lege. Gjennomførast i helsestasjonens lokalar. Gjennomførast i løpet av første klasse.	Helsesjukepleiar og lege
2.klasse	Vaksinering Tetravac Delta på foreldremøte med tema: søvn, skjermbruk	Helsesjukepleiar Kontaktlærer/helsesjukepleiar avtaler
3.klasse	Individuell helsesamtale, eventuelt i grupper	Helsesjukepleiar
4.klasse	«Livet & sånn» Innlegg om månadens tema i samarbeid med tilsette på trinnet	Helsesjukepleiar avtaler med kontaktlærer
5.klasse		
6.klasse	Vaksinering MMR «Livet & sånn» Innlegg om månadens tema i samarbeid med tilsette på trinnet. Tilbyr undervisning i kropp og pubertet. Krisesenteret kjem på besøk	Helsesjukepleiar avtaler med kontaktlærer Helsesjukepleiar avtaler
7.klasse	Vaksinering HPV	Helsesjukepleiar
8.klasse	Individuell helsesamtale «Livet & sånn» Innlegg om månadens tema i samarbeid med tilsette på trinnet NOK kjem på besøk	Helsesjukepleiar Helsesjukepleiar avtaler med kontaktlærer Helsesjukepleiar avtaler
9.klasse	Undervisning om seksualitet gjennomførast i veke 6 Delta på foreldremøte Krisesenteret på besøk	Helsesjukepleiar avtaler med kontaktlærer Helsesjukepleiar avtaler
10.klasse	Vaksinering Boostrix polio Tilbod om vaksine mot smittsam hjernehinnebetennelse Undervisning psykisk helse og rus Undervisning, tema rus (fra Livet & Sånn) i november	Helsesjukepleiar Helsesjukepleiar Helsesjukepleiar og kjentmann

Utover dette bidrar også skulehelsetenesta med:

- Individuelle samtaler og samarbeid med heimen
- Foreldrerettleiing ved behov (basert på COS-P)
- Samtalegrupper for barn med to heimar («skilsmissegrupper»), i samarbeid med skulen (GBU)

«Livet & sånn»:

«Livet & sånn» er eit undervisningsopplegg med opplæring i folkehelse og livsmeistring for barn og unge som gjennomførast ein skoletime i månaden gjennom heile skuleåret. Dette gjennomførast i samarbeid med tilsette på dei aktuelle klassetrinn.